
Vår referanse 2020/44895-3
Dato 30.04.2020

Osterøy kommune
Geitaryggen 8
5282 LONEVÅG

Uttale til søknad om dispensasjon - gnr 78 bnr 7 Geitrheim - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur for veg, viser til brev datert 03.04.2020 med oversending av søknad til uttale.

Søknaden gjeld bygging av veg på gnr. 78, bnr. 7 som tilkomstveg til gnr. 78, bnr. 17 i Osterøy kommune. Det er også søkt om bygging av kai på gnr. 78, nr. 17 og 21. Eigedomen er ikkje regulert.

Avkøyrsl fra fylkesveg 567

I søknaden er det opplyst at det er gitt løyve til eksisterande avkøyrsl fra fylkesveg 567 til eigedomen av gnr. 78, bnr. 7. Løyvet frå 1989 er gitt på vilkår om at avkøyrsla er opparbeidd i samsvar med krav til utforming, og godkjend av vegvesenet innan to år.

Avkøyrsla er ikkje utforma i tråd med vilkåra i løyvet og vi kan heller ikkje sjå at det føreligg endeleg godkjenning av opparbeidd avkøyrsl. Løyvet stadfestar at «dersom avkøyrsla ikkje er opparbeidd og godkjend innan ovannemnde tidsfrist, fell løyvet bort». Vestland fylkeskommune er difor ikkje einig i at det føreligg gyldig løyve til bruk av avkøyrsl fra fylkesveg 567 til eigedom av gnr. 78, bnr. 7.

Vi vurderer at avkøyrsla slik ho ligg i dag er trafikkfarleg. Dette er mellom anna grunna dårleg sikt. Dersom Osterøy vel å gi eit positivt vedtak i denne saka, må det søkast på nytt om løyve til avkøyrsl. Det kan påreknast krav om utbetring av avkøyrsla i samsvar med vegnormalar ved handsaming av ein eventuell søknad.

Med helsing

Hege Løtveit
Leiar

Malene Utkilen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift